

# Rapport ABCD i kommunen

Bømlo kommune har gjennom fleire større folkehelseprosjekt nytta Asset Based Community Development (ABCD) som metode/prosess i vårt folkehelsearbeid. Det har gitt oss høve til medverknad frå våre lokalsamfunn, skular og internt i organisasjonen. Før dette prosjektet hadde ein likevel ikkje hatt ein brei opplæring på tvers av dei ulike sektorane, slik at det har vore veldig stor forskjell på kva kunnskap dei ulike delane av kommunen har hatt om metoden.

Gjennom midlane frå fylke har me i Bømlo kunna bidrege til utvikling og gjennomføring av ABCD-kurs og leiarforum, tilpassa pandemi og restriksjonar. Me har også lagt vekt på å integrera ABCD i ulike prosessar og prosjekt i kommunen. Gjennom heile perioden har rådgivar for folkehelse og frivilligheit koordinert utvikling og gjennomføring av kurs og seminar, samt vore ressurs for å integrera metoden i søknadar og prosessar.

## Kursutvikling

Bømlo har gjennomført fleire ABCD-kurs dei seinare åra under leiing frå Cormac Russell, leiaren av Nurture Development, og ein internasjonal ressurs innanfor Asset Based Community Development. Våren 2020 var det planlagt ei ny kursrekke, men denne måtte utsetjast grunna koronapandemien. Ganske snart vart det også klart at det ville bli naudsynt å endra kursopplegget, slik at ein ikkje var avhengig av at kurshaldar kunne komma til Noreg. I løpet av sommaren og hausten vart det dermed utvikla ein e-læringsportal, før me vinteren 2020/21 testa ut eit kursopplegg med deltakarane i Bømlo kommune sitt program for folkehelsearbeid. Meir informasjon om program for folkehelse generelt og ABCD-kursa spesielt i 2020/21 er å finne på Bømlo kommune sine nettsider og oppsummering og evaluering av aktivitetene i program for folkehelse i 2020-21<sup>1</sup>.

## Leiarforum

Våren 2021 gjennomførte me eit leiarforum der ABCD var hovudtema. Oppsummering av leiarforumet er lagt ved i vedlegg 1. Leiarforumet i Bømlo kommune består av strategisk leiargruppe med kommunedirektør, kommunalsjefar, økonomisjef og personalsjef, samt rådgivarane på dei ulike fagområda i kommunen. Opprinnleig skulle leiarforumet vera ei fysisk samling, men grunna koronasituasjonen i mars 2021 måtte samlinga vera heildigital. Her drog me god nytte av erfaringane frå kursrekka i program for folkehelse, ved at verktøy for kartlegging og dialog var tilpassa til at kurshaldar ikkje deltok fysisk, slik at me på svært kort varsel kunne gjera opplegget heildigitalt.

Det vart først gitt ei innleiing om kva ABCD-metoden er, før me introduserte deltakarane for verktøy for ressurskartlegging ved at dei sjølve løfta fram individuelle ressursar knytt til hovud, hjarte og hender og at me diskuterte ulike ressursar i Bømlo som kan bidra til å nå måla våre<sup>2</sup>. Me fortsette med ei samtale mellom Cormac Russell og leiarforum med tittelen «*How can our advisor/leader team be an (institutional) asset to the Bømlo projects?*».

Me hadde så eit gruppearbeid der me diskuterte korleis våre rådgivar- og leiarteam kan vera (institusjonelle) ressursar i prosjekt og i planarbeid. Avslutningsvis oppsummerte me diskusjonen i ei

---

<sup>1</sup> <https://www.bomlo.kommune.no/tenester/kultur-idrett-og-frivilligheit/folkehelse/> og  
[https://www.bomlo.kommune.no/\\_f/p1/ide4680bb-073c-43b0-98c0-58790aa2cb3a/oppsummering-og-evaluering-2020-21.pdf](https://www.bomlo.kommune.no/_f/p1/ide4680bb-073c-43b0-98c0-58790aa2cb3a/oppsummering-og-evaluering-2020-21.pdf)

<sup>2</sup> Hovud, hjarte, hender metoden er ein mykje brukt ressurskartleggingsmetode innanfor ABCD-metoden, mellom skildra i HVL sitt hefte om ABCD «Dei beste ideane og den største handlekrafta har vi sjølv»:  
[https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/20200916\\_abcd\\_-norsk\\_til-trykk.pdf](https://www.hvl.no/globalassets/hvl-internett/dokument/20200916_abcd_-norsk_til-trykk.pdf)

matrise der me diskuterte korleis me som kommune kan jobbe for at innbyggjarar blir mobilisert, korleis me kan kartleggja, kopla og realisera i samband med utarbeiding og oppfølging av kommuneplanar på ulike nivå:

Kommuneplan/kommunedelplan/temaplan/strategi:			
		I utarbeidingsa	I oppfølginga/handlingsdelen
Innbyggjarar	Mobilisere	Legge rammene. Legge fram på ein lettfatteleg måte. Skal vera lett å meine noko. Sikre at alle grupper/interessentar blir hørt, med å sikre låg terskel for å komma med sitt syn.	Holde i saker, og sikre kontinuitet. Opplæring til ressurspersoner.
	Kartleggja	Ha konkrete spørsmål og gode verktøy/ metodar for å involvere dei ulike gruppene.	
	Kople & realisere	Konkretisere, sjå det store bildet. Veilede. Analyse, siling og kvalitetssikring av innspel (Har me nok kunnskap og ressurser internt for denne oppgåva?). Konkretisering.	Vise til gode døme. Koble ressurar på tvers.

Oppsummeringa vart sendt ut til alle deltagarar i etterkant av samlinga.

## ABCD-kurs med kommunetilsette og frivillige

Medan tidlegare ABCD-kurs har vore med deltagarar frå nærmiljø, skular, barnehagar og ungdomsråd, la me hausten 2021 til rette for eit kurs der hovudparten av deltagarane var kommunetilsette. Innanfor oppvekst, kultur og idrett var det allereie ein god del rektorar og lærarar som hadde delteke på kurs gjennom nærmiljøprosjektet og program for folkehelse.

Me vurderte vidare kven som burde delta innanfor helse, sosial og omsorg: Skulle alle verksemgsleiarar inviterast med? Burde ein også ha deltagarar på fleire nivå av organisasjonen? Ein viktig del av diskusjonen gjekk på korleis me sikra at resultata av ABCD-kurset kunne brukast. Det vart då konkludert med at me skulle knytte deltakinga til nokre av planarbeida, prosjekta og satsingane som kommunen er i startfasa av. Heile leiargruppa med alle verksemgsleiarar innan helse, sosial og omsorg fekk også ein kort introduksjon til metoden. Konklusjonen vart at me inviterte deltagarar som arbeider med planarbeid innanfor samfunnsutvikling og deltagarar frå helse-, sosial- og omsorg som har ei rolle i arbeidet med å følgja opp Leva heile livet-reformen, Nettverk for aldersvenleg samfunn og ikkje minst revisjonen av kommunedelplan for helse, sosial og omsorg. Døme på deltagarar er alle dei tre kommunalsjefane, rådgivarar, leiar for eit omsorgsområde og heimetenestene, tenestekontoret og lege ved sjukeheimen. Slik vart også representantar frå eldrerådet og Bømlo pensionistforeining invitert med, ettersom dei er ein viktig del av dette arbeidet. Andre prosjekt og satsingar som vart spurt om å delta var universell utforming av uteskule med fysioterapeut og ergoterapeut og Ein veg inn lokalsamfunnet/Inn på tunet med Bømlo vaksenopplæring.

To av tre kurssamlingar er no gjennomført. Den tredje samlinga skulle vore 16. desember, men måtte utsetjast på grunn av nye koronarestriksjonar. Denne valde me å ikkje gjera digital fordi den siste av kurssamlingane i stor grad handlar om å laga prosjektplanar for vidare arbeid og trygge deltagarane

på metoden kring dette. Her meiner me at det at deltarane møtast er viktig for å ha nytte av samlinga. Medan skulelevar og ungdomsrådsmedlemmar våren 2021 i liten grad nytta seg av e-læringsverktøyet, ser me at deltarane på ABCD-i-kommunen-kurset har nytta verktøyet til førebuing og oppfølging av kursa. Dette er ekstra nyttig når me no får eit opphold mellom andre og tredje samling, grunna utsetjinga av denne.

Sjølv om me ikkje endå har gjennomført heile kurset ser me likevel nokre konkrete resultat:

- For arbeidet med revisjon av kommunedelplan for helse, sosial og omsorg legg ein no opp til ein prosess som byggjer på ABCD-metoden og samarbeid med mellom anna eldrerådet og pensjonistforeininga.
- Bømlo kommune jobbar aktivt med å følgja opp Leva heile livet-reforma og er mellom anna del av Nettverk for aldersvenleg samfunn. I dette arbeidet er dei ulike ressursane i samfunnet som me har å spela på svært viktig. Me opplever at me gjennom kurs og felles metode har fått eit felles omgrevsapparat som blir viktig i det vidare arbeidet.
- I samband med oppstarten av prosjektet *Ein veg i lokalsamfunnet* gjennomførte kursdeltakaren på ABCD-kurset hovud-hjarte-hender-kartlegging. Ein veg inn i lokalsamfunnet er eit IMDI-finansiert prosjekt der deltarane er flyktingar som ikkje har så mykje formell kompetanse, men erfaringar frå til dømes gardsarbeid, handverksarbeid og heimestell. Som ein første praksis er deltarane på ein Inn på tunet-gard. Som del av oppstarten gjennomførte ABCD-i-kommunen-deltakaren ein hovud-hjarte-hender-kartlegging med både deltarane og gardbrukar. Tilbakemeldingane var at dette gjorde at ein fekk fram mykje ressursar og eigenskapar ved deltarane som ein kunne byggja på i det vidare opplegget.
- Fleire av kursdeltakarane har gjennomført ressurskartleggingar internt i sine einingar. Dermed får ein fleire med eit felles omgrevsapparat på tvers av ulike fagområde i skulen.

## Døme på andre område ABCD-metoden blir integrert innanfor prosessar, prosjekt og satsingar

- Bømlo kommune har årleg møte med alle som fyller 75 år. Også her integrerte me hovud-hjarte-hender-kartlegginga, med at deltarane diskuterte kva dei likte og gjera – og er god på- basert på hovud-hjarte-hender – før dei presenterte seg og sine interesser. Denne runden leia til interessante diskusjonar både om kva ressursar deltarane hadde å spela på og kva ein kan gjera framover.
- I samband med trafikksikringsdagar ved Rubbestadneset og Våge skule har samfunnsplanleggjaren gjennomført kartaktivitetar og ruslemaking med elevar på mellomtrinna. Denne metoden baserer seg på at elevane ser rundt seg og identifiserer ressursar og område for utvikling. Metoden har tidlegare vore nytta i samband med arbeidet med samfunnsdelen, men vart no også brukt for å kartleggja elevane sine snarvegar og trafikksikring.
- I samband med prosjektet Jonsok heile året – ny giv for Sørland sentrum arbeider ein med å systematisk kartleggja ulike ressursar me kan nytta i utviklinga av kommunenesenteret.
- ABCD-metoden inngår også i fleire andre søknadar og planar som er under utvikling, som til dømes søknad knytt til digitalt utanforskning og kulturplan.

## Konklusjon

ABCD i kommunen-prosjektet byggjer på erfaringar med bruk av ABCD-metoden over fleire år i Bømlo kommune. Me har gjennom prosjektet fått høve til å gi toppleiringa og rådgivarstaben i kommunen ein felles introduksjon til metoden. Dette har vore viktig fordi mange i toppleiringa og rådgivarstaben hadde høyrt om ABCD-metoden, men aldri eigentleg fått ein grunnleggande introduksjon. Ettersom mange i kommunen sine grepautval og andre etter kvart har blitt kjent med metodikken og brukar denne som grunnlag for sine arbeid er det også viktig at dei ulike delane av kommunen kjenner til kva metoden går ut på. Ein opplever også at det er veldig nyttig med ein diskusjon om kva me ynskjer å oppnå med medverknad i planprosessar og satsingar i kommunen og korleis me jobbar med forventningsavklaring i desse prosessane.

Deltakarane har så langt gitt positive tilbakemeldingar på kursrekka. Det er likevel viktig å merke seg at det er krevjande å finne tid til deltaking i ein hektisk kvar dag, spesielt i ei tid med mykje sjukefråver og arbeid som ei følge av koronapandemien.

ABCD i kommunen-prosjektet har kort oppsummert gitt kommunen vår eit høve til å auka kunnskapen om ABCD-metoden på tvers av dei ulike fagområda. Dette både ved at relativt mange no har grunnleggande kunnskap om metoden, og ved at nokon har meir inngående kunnskap og dermed kan vera ressurspersonar i samband med gjennomføring av aktivitetar knytt til ABCD-metoden og ved å integrera metoden i søkeradar og planar.

Me ser at den styrkebaserte tilnærminga som metoden er, er viktig for å mobilisera ulike ressursar i utvikling av kommunen vår. Det er viktig for oss at initiativ og prosjekt som kjem opp som ei følge av desse prosessane må ha ein adressat, gjennom til dømes planarbeid, satsingar og prosjekt.

## Rekneskap

### Inntekter

Tilskot frå Vestland fylke	100000
Eigenandel	22621
<b>SUM</b>	<b>122621</b>

### Kostnadar

ABCD-kurs - utvikling av digital løysing og e-læring, samtid gjennomføring av leiarforum	38464
ABCD-kurs hausten 2021	36567
Servering kurs	7590
Koordinering	40000
<b>SUM</b>	<b>122621</b>

# Oppsummering leiarforum

Leiarforum på Teams, 190321


**Tilstades:** Ovesen, Bente, Waage, Lene Borgen, Sætre, Kristine, Gjøsæter, Kjetil Aga, Grønnevik, Elisabeth Holme, Espeland, Vanja, Mellesdal, Kjell Magnar, Bjørklund, Bjørn Håvard, Nakken, Jarle, Folgerø-Holm, Jorunn Jacobsen, Follesø, Kjersti Helen, Olderkjær, Stian Sithole, Vae, Catharina Alvseike, Nesse, John Nordseth, Stavland, Tone, Sætre, Monica Korsvik, Greaker, Alf Helge, Vardanyan, Vardan og Steinsvåg, Jorunn.

## Agenda


- 0830-0930 Introduksjon til ABCD-metoden
- 0930-0940 Pause
- 0940-1030 Zoom-sesjon med Cormac Russel: *How can our advisor/leader team be an (institutional) asset to the Bømlo projects*
- 1030-1040 Pause
- 1040-1110 Gruppearbeid
- 1110-1130 Saksoversikt (Kjetil)

## Introduksjon til ABCD-metoden

Kommunedirektør og kommunalsjef for oppvekst, kultur og idrett innleia om leiarforum og dagens dema. Rådgivar for folkehelse og frivilligheit heldt ein presentasjon om ABCD-metoden (vedlegg 1). Deltakarane gjennomførte ein kartleggingsøving kalla hovud, hjarte og hender som viser kva ressursar rådgivarar og leiarar i Bømlo kommune har, samt kva ulike ressursar me finn i Bømlo kommune:



## Styrkebasert tilnærming– kva betyr det?



*Driftige folk i vakker natur!*



## Nokre verktøy

## Individuelle ressursar: Hovudet



Alt det vi kan: Hovudet

- Teoretisk kompetanse
- Organisatorisk kompetanse
- Planlegging
- Rekne
- Skrive
- Struktur og orden
- Programmere
- Snakke framfor andre

*Driftige folk i vakker natur!*



## Individuelle ressursar: Hjartet



- Lidenskapleginteresse
- Empati og sympati
- Spørrenokon om å bli med
- Passe på dyra
- Gå på besøk
- Hjelpe til heime
- Leggjamerke til kva andre treng

*Driftige folk i vakker natur!*



## Individuelle ressursar: Hendene



- Fysiske talent
- Male og teikne
- Spela eit instrument
- Sport og idrett
- Bake
- Sy og strikke
- Repareresyklar
- Bygge lego

*Driftige folk i vakker natur!*



1

## Så kva ressursar har leiarar og rådgivarar i Bømlo kommune?



- Gå inn på [menti.com](https://menti.com)
- Legg inn denne koden:  
**18958917**

Driftige folk i vakker natur!



10

## Gåvar og ressursar blant leiarar og rådgivarar i Bømlo - hovudet



Driftige folk i vakker natur!



11



## Gåvar og ressursar blant leiarar og rådgivarar i Bømlo - hjartet



19

Driftige folk i vakker natur!



12



## Gåvar og ressursar blant leiarar og rådgivarar i Bømlo - hendene



20


Driftige folk i vakker natur!



## Ressursar som byggjer eit samfunn



*Driftige folk i vakker natur!*



*Driftige folk i vakker natur!*





## Institusjonar – kva er det?

- Elevar, lag og organisasjonar og innbyggjarar svarar «Bømlo kommune» og «skulen» på dette spørsmålet
- Kva ressursar meiner me at me finn i Bømlo kommune?
  - Gå inn på [menti.com](https://menti.com)
  - Legg inn denne koden:  
**18958917**

*Driftige folk i vakker natur!*




## Kva ulike ressursar finn vi i Bømlo kommune?



*Driftige folk i vakker natur!*



## Kort sagt:



*Driftige folk i vakker natur!*



### Cormac Russell: How can our advisor/leader team be an (institutional) asset to the Bømlo projects?

Cormac Russell hadde ei samtale med leiarforum – nokre notatpunkt:

- Det trengs eit barn for å oppdra ein landsby – innbyggjarane i sentrum
- Me er preprogrammert til å gi svar og ikkje stille spørsmål – dermed prøver me ofte løyse andre sine problem.
- Døme Sommerset: Færre sjukehusinnleggningar gjennom å kople innbyggjarar og redusere einsemd
- Einsemd blant unge: Me må få fram kva vi forventar av dei unge – dei må engasjere seg på sine premiss: «Kva bryr du deg så mykje om at dei vil gjera noko med det?» Me bør gå frå ungt engasjement til ungt medborgarskap. Per no har ein også ein tendens til å diagnostisere «normale» problem. Ei bekymring er også at unge under pandemien i stor grad berre møter vaksne som er betalt for å vera med dei.
- Å lytte inneber å jobbe stedbasert – me må både lytte til individua og andre samfunnsaktørar
- Me må skape arenaer for samskaping som unge (og alle andre) har lyst til å delta i: «Why have a meeting, when we can have a party?»
- Me må vera gjester i dei unges liv – «What matters to you, not what is the matter with you”
- Som kommune bør me heile tida sokja at mest mogleg blir løyst av innbyggjarane/lokalsamfunna sjølve – me bør derfor heile tida stille oss spørsmåla
  - Kva kan løysast av lokale ressursar utan innblanding?
  - Kva bør me løyse saman?

- Kva må gjerast for lokalsamfunna?

Så langt det er mogleg bør ein søker at løysingane blir skapt av lokalsamfunna sjølve.

- Viktige spørsmål er også kvar innbyggjarane naturleg samlar seg og kvar unge kan møte vaksne på ein trygg måte – og som ikkje er betalt for å vera i lag med dei (Det generasjonsvenlege samfunnet)?

## Gruppearbeid: Korleis kan og bør vårt rådgivar- og leiarteam vera (institusjonelle) ressursar?

Fire grupper i digitale grupperom. Notatane vart skrivne i Sharepoint-dokument alle deltagarane hadde tilgang til. Her er punkt frå gruppene som svar på spørsmålet: Korleis kan og bør vårt rådgivar- og leiarteam vera (institusjonelle) ressursar?

### I prosjekt

- Må lage ein balanse mellom ulike prosjekt og oppgåver
- Å vera kjent med kva me jobbar med – me som jobbar på tvers må vera formidlarar og setja i kontakt
- Ein “serviceerklæring” : Me undersøkjer kven som skal ha spørsmålet for folk versus å setja folk over
- Saksgang
  - Vegen inn i strategisk leiargruppe – kva må inn der?
  - Kva skal vurderast av kvar einskild (arbeidsinstruksar)?
  - Kva må nærmeste leiar kjenne til?
- Prosjektplan med mandat og start- og slutt dato
- “Beslutning” versus “erfaringsdeling” versus “å byggje eit godt arbeidsmiljø”
- Stilla BK sin kompetanse til rådighet. Open lytting.
- Vera partner i samarbeid. Vera rådgjevar i forhold til moglegeheiter: økonomi, prosjektsøknader, tilskotsportal, spelemidalar.
- Heiagjeng. Realitetsorientera. Bevisstgjering på eigne ressursar (ABCD).
- Bidra til å knytta kontaktar, delta i nettverk: mobilisera og kopla.
- Hjelpa med eksempel frå andre som kan vera til nytte.
- Gjer oss tilgiungelege, og synlege. Vera medviten eiga rolle som innbyggjar i tillegg til tilsette rolla.
- Positiv grunnhaldning, ikkje berre ha “forvaltarhatta” når det gjeld regelhandheving. Ivareta fleire perspektiv i rolleutøvinga. Motivera, bevisstgjering m.m.

### I planarbeid

- må involvere dei som har ei rolle
- Openheit
- Bevissthet i rigging av planar, bestemmer i planprosessane. Tilnærming: leitar etter problem, har allereie løysinga eller starta med ei kartlegging av behov og ressursar – Kva ligg til grunn i starten av ein prosess?
- Vågar BK å bruka erfaringar og prosessar frå nærmiljøprosjekt vidare i planarbeid? Eller blir ein oppteken av “fastlagde” prosessar tilrettelagt bruk i t.d. digitale verktøy? Arbeidskrevande å bruka nye metodikkar – har BK nok kapasitet? Overskot til å velja meir nytenkjande metodar, med fleire involverte: treng engasjement, mot til å møta kritikk. Kan krav til effektivitet og tradisjon hindra innovasjon?

Kommuneplan/kommunedelplan/temaplan/strategi:			
		I utarbeidninga	I oppfølginga/handlingsdelen
Innbyggjarar	Mobilisere	Legge rammene. Legge fram på ein lettfatteleg måte. Skal vera lett å meine noko. Sikre at alle grupper/interessentar blir høyrta, med å sikre låg terskel for å komma med sitt syn.	Holde i saker, og sikre kontinuitet. Opplæring til ressurspersoner.
	Kartleggja	Ha konkrete spørsmål og gode verktøy/ metodar for å involvere dei ulike gruppene.	
	Kople & realisere	Konkretisere, sjå det store bildet. Veilede. Analyse, siling og kvalitetssikring av innspel (Har me nok kunnskap og ressurser internt for denne oppgåva?). Konkretisering.	Vise til gode døme. Koble ressurar på tvers.

## Saksoversikt

Kommunedirektøren gikk gjennom system for oversikt over sakar til utval og ubesvarte spørsmål frå utval, formannskap og kommunestyret (sjå [sharepoint-mappe](#)).